



# Selje kommune

## Innkalling

---

<b>Utval:</b>	Planutvalet
<b>Møtestad:</b>	Kommunehuset, 2. etg.
<b>Dato:</b>	25.01.2017
<b>Tid:</b>	Kl. 09:00

---

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå snarast råd til tlf. 57858500 eller til [post@selje.kommune.no](mailto:post@selje.kommune.no), slik at varamedlem kan bli kalla inn.

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
004/17	Godkjenning av møteprotokoll
005/17	Referatsaker
006/17	Forslag til kommuneplanen sin arealdel. Utlegging til 2. gangs høyring og offenteleg ettersyn
007/17	Reguleringsplan - Stad skipstunnel - Vedtak
008/17	Reguleringsplan - Tunnel Kleiva - Vedtak
009/17	SMIL - Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2017 - 2020. Framlegg til offentleg ettersyn.

Eventuelt

**Selje, 18.01.17**

Stein Robert Osdal  
ordfører



# Selje kommune

Arkiv: FE - 033  
JournalpostID: 17/217  
Saksbehandlar: Unni Eltvik Hovden

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/17	Planutvalet	25.01.2017

## Godkjenning av møteprotokoll

### Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 12.01.17 vert godkjent slik den ligg føre.



# Selje kommune

Arkiv: FE - 033  
JournalpostID: 17/271  
Saksbehandlar: Unni Eltvik Hovden

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/17	Planutvalet	25.01.2017

## Referatsaker

### Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.



# Selje kommune

**Arkiv:** FE - 140, FA - L12,  
HIST - 14/427  
**JournalpostID:** 17/44  
**Saksbehandlar:** Reidar Sandviknes

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/17	Planutvalet	12.01.2017
004/17	Råd for eldre og funksjonshemma	17.01.2017
006/17	Planutvalet	25.01.2017

## Forslag til kommuneplanen sin arealdel. Utlegging til 2. gangs høyring og offentleg ettersyn

### Bakgrunn for saka:

I møte den 22. juni 2016, PU sak 01/16, vedtok formannskapet å legge kommuneplanen sin arealdel ut til offentleg ettersyn, med særskilt nemnde endringar/tillegg, sjå vedlagt møtebok frå møtet. Høyringstida vart sett til 2.7.2016 -26.08.2016.

Kommuneplanen vert no lagt fram for planutvalet for vedtak om utlegging til nytt offentleg ettersyn.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11–14 blir forslag til kommuneplanen sin arealdel for Selje kommune 2016–2028 lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og sendt på høyring i minimum 6 veker med endringar slik det går fram i vedlegg 1,2,3 og 4. (Vedlegg 3 og 4 vert ettersendt).

### Vedlegg i saka:

06.01.2017	Arealdel - samandrag merknader versjon 12.01.17	1328840
06.01.2017	Arealdel av kommuneplan Selje kommune, dat. 06.01.17	1328842
11.01.2017	Reviderte føresegner arealdelen til kommuneplanen 10.01.17	1328979
09.01.2017	Innkomne uttaler etter første gongs høyring på arealdel Selje kommune	1328874
09.01.2017	Merknader 14-427 nr. 65-91	1328875
09.01.2017	Merknader 14-427 nr 92-118	1328876
09.01.2017	Merknader 16-20008 nr 1-18	1328877
09.01.2017	Merknader 16-20008 nr. 20-36	1328878
12.01.2017	Vedlegg 4 Sak i Planutvalet 3/17 - Arealplankart	1329011
12.01.2017	01 Rev.A_Selje kommune 1_20 000_A0_11.01.17	1329010
12.01.2017	ATT00001	1329012
12.01.2017	02 Rev.A_Selje kommune1_20 000_A0_11.01.17	1329013
12.01.2017	ATT00002	1329014

### Planutvalet 12.01.2017:

### Handsaming:

7 voterande

I tillegg møtte Synergiutvalet v/Anfinn Sjøstad. Gjeve talerett i spørsmål som gjeld masseplassering (jmf. Synergiutvalet sitt oppdrag)

Handsaming av saka starta med gjennomgang av endringar av planen og dialogen med Fylkesmannen etter 1. gangs ettersyn ved Heidi Hansen, Nordplan og Plan- og Utviklingsavdelinga. Denne delen av møtet varte fram til kl 10.45.

Klokka 13.40 – 17.00 Planutvalsmøte med gjennomgang av dei viktigaste merknadane som kom inn i offentleg ettersyn. Dette omhandlar merknader som har kome frå andre enn Fylkesmannen. Ved prosjektleiar Reidar Sandviknes og plangruppa.

«Samandrag og vurdering av innspel til kommuneplan-arealdel..» vart gjennomgått og det vart stilt spørsmål og diskutert mange punkt.

Under punkt 14/427 – 67 (to merknader) vart Gunn Sande kjent ugild (Komm.lova § 40/ jfr. Fvl. § 6) – Samrøystes.

Under punkt 14/427 – 81 vart Marita Aarvik kjend ugild (Komm.lova § 40/ jfr. Fvl. § 6) – samrøystes. Anfinn Sjøstad tredde inn som vara – Samrøystes.

Etter gjennomgangen var planutvalet samde om å fortsette møte den 25.01.2017 kl 09.00.

#### **PU- 003/17 Vedtak:**

Etter gjennomgangen var planutvalet samde om å fortsette møte den 25.01.2017 kl 09.00.

Det vart ikkje gjort anna vedtak i saka.

#### **Råd for eldre og funksjonshemma 17.01.2017:**

##### **Handsaming:**

4 voterande

##### **Framlegg til uttale frå Råd for eldre og funksjonshemma:**

###### **1. RV 620 - Selje kommune**

I forslag til kommuneplanen sin arealdel legg kommunen til rette for at ein kan mellombels lagre masser på Kjøde og i Gorgenesvika, dersom det viser seg å verte masseoverskot som følgje av bygging av Stad Skipstunnel.

RV620 i Selje kommune har ein standard som er svært dårleg, spesielt er vegen smal og svingete, der det mange stadar på vegen nesten ikkje er passering for to bilar.

Rådet er kjend med at kommunen i lang tid har arbeidd for å få utbetra RV620, uten at noko særleg har skjedd.

Dersom det viser seg å verte overskot på fyllmasser i samband med bygging av Stad Skipstunnel, vil det etter rådet sitt syn vere langt betre samfunnsmessig politikk å nytte desse til å utbetre RV620,

enn å mellombels lagre desse i Kjøde eller på Gorgenesvika.

Rådet er kjend med at mange bilistar synes det er svært farleg å køyre RV620, og mange har angst når dei må nytte denne vegstrekninga.

Iflg. Arelaplanen legg ein opp til stor turistsatsing på nordsida av Stadhalvøya, noko som også vil resultere i stor auke i biltrafikk til dette området. Mange av turistane som vil besøke nordsida av Stadhalvøya vil ønskje å nytte RV620 som tilkomstveg til dette området. Ei manglande opprusting av RV620 vil ha negativ betydning for tusriststraumen til heile Selje kommune.

Selje kommune må derfor syte for at evt. overskotsmasser i samband med bygging av Stad Skipstunnel vert nytta til å ruste opp RV620.

Å mellombels lagre overskotsmassane i Kjøde eller på Gorgenesvika i staden for å nytte dei til utbetring av RV620 vil etter rådets sitt syn ikkje få forståing blant innbyggjarane i kommunen.

At Statens Vegvesen i møte med ordførar og rådmann i Selje kommune har gitt uttrykk for at dei ikkje treng overskotsmassane verken til utbetring eller utviding av RV620 er etter rådets syn heilt uforståeleg.

2.

Rådet syner til tidlegare innspel om tilkomst til badeplassar for funksjonshemma og ny vurdering av gravplass for midtre delen av kommunen.

3.

Rådet meiner det er sær viktig at ein legg til rette for både eksisterande og framtidig næringsutvikling i Selje kommune. Her bør ein nytte masse frå Stad skipstunnel for å utvide nye næringsareal. Næringsparken på Årsheim er her eit sær viktig område sidan ein her både kan utvikle det innan reiseliv og anna næring.

Rådet meiner det er no vi har muligheit til å gjere desse utbyggingane når vi får masse frå skipstunnellen. Erfaringsmessig ser ein at stein som vert lagt på deponi skjeldan vert nytta i ettertid.

Det er sterke reaksjonar på fylkesmannen sine synspunkt til dette området, der ein viser til sterk konflikt med friluftsinnteresser. Etter det vi kjenner til så er dei ingen av oppsittarane i området som har invendingar mot utbygginga.

Rådet stiller spørsmål ved fylkesmannen sin agenda i denne saka. Vi er svært opptekne av at vi får fleire arbeidsplassar til dette området og med ei utvikling av trafikk gjennom Stad skipstunnel, ser vi at mogeligheita er NO.

#### **Votering:**

Framlegg til uttale fekk 4 røyster for. Samrøystes.

#### **EF- 004/17 Vedtak:**

##### **Uttale frå Råd for eldre og funksjonshemma:**

1. RV 620 - Selje kommune

I forslag til kommuneplanen sin arealdel legg kommunen til rette for at ein kan mellombels lagre

masser på Kjøde og i Gorgenesvika, dersom det viser seg å verte masseoverskot som følgje av bygging av Stad Skipstunnel.

RV620 i Selje kommune har ein standard som er svært dårleg, spesielt er vegen smal og svingete, der det mange stadar på vegen nesten ikkje er passering for to bilar.

Rådet er kjend med at kommunen i lang tid har arbeidd for å få utbetra RV620, uten at noko særleg har skjedd.

Dersom det viser seg å verte overskot på fyllmasser i samband med bygging av Stad Skipstunnel, vil det etter rådet sitt syn vere langt betre samfunnsmessig politikk å nytte desse til å utbetre RV620, enn å mellombels lagre desse i Kjøde eller på Gorgenesvika.

Rådet er kjend med at mange bilistar synes det er svært farleg å køyre RV620, og mange har angst når dei må nytte denne vegstrekninga.

Iflg. Arelaplanen legg ein opp til stor turistsatsing på nordsida av Stadhalvøya, noko som også vil resultere i stor auke i biltrafikk til dette området. Mange av turistane som vil besøke nordsida av Stadhalvøya vil ønskje å nytte RV620 som tilkomstveg til dette området. Ei manglande opprusting av RV620 vil ha negativ betydning for tursriststraumen til heile Selje kommune.

Selje kommune må derfor syte for at evt. overskotsmasser i samband med bygging av Stad Skipstunnel vert nytta til å ruste opp RV620.

Å mellombels lagre overskotsmassane i Kjøde eller på Gorgenesvika i staden for å nytte dei til utbetring av RV620 vil etter rådets sitt syn ikkje få forståing blant innbyggjarane i kommunen.

At Statens Vegvesen i møte med ordførar og rådmann i Selje kommune har gitt uttrykk for at dei ikkje treng overskotsmassane verken til utbetring eller utviding av RV620 er etter rådets syn heilt uforståeleg.

2.

Rådet syner til tidlegare innspel om tilkomst til badeplassar for funksjonshemma og ny vurdering av gravplass for midtre delen av kommunen.

3.

Rådet meiner det er særst viktig at ein legg til rette for både eksisterande og framtidig næringsutvikling i Selje kommune. Her bør ein nytte masse frå Stad skipstunnel for å utvide nye næringsareal. Næringsparken på Årsheim er her eit særst viktig område sidan ein her både kan utvikle det innan reiseliv og anna næring.

Rådet meiner det er no vi har muligheit til å gjere desse utbyggingane når vi får masse frå skipstunnellen. Erfaringsmessig ser ein at stein som vert lagt på deponi skjeldan vert nytta i ettertid.

Det er sterke reaksjonar på fylkesmannen sine synspunkt til dette området, der ein viser til sterk konflikt med friluftsinntresser. Etter det vi kjenner til så er dei ingen av oppsittarane i området som har invendingar mot utbygginga.

Rådet stiller spørsmål ved fylkesmannen sin agenda i denne saka. Vi er svært opptekne av at vi får fleire arbeidsplassar til dette området og med ei utvikling av trafikk gjennom Stad skipstunnel, ser vi at mogeligheita er NO.

## Saksopplysningar:

Revisjon av kommuneplanen sin arealdel vart fastsett i Overordna planstrategi 2012-2016 i kommunestyresak 083/12.

Samfunnsdelen vart vedteken 15.04.2015 i K-sak 23/15.

Planprogrammet for arealdelen vart vedteke 15.04.2015 i K-sak 22/15.

Kommuneplanen sin arealdel er den overordna planen for arealdisponering i Selje kommune. Arealdelen skal vere tett knytt opp til kommuneplanen sin samfunnsdel, som legg føringar for framtidig samfunnsutvikling i Selje kommune.

Kommuneplanen sin arealdel skal bestå av planomtale, plankart og føresegner. I tillegg kjem vedlegg som konsekvensutgreiing (**KU**) og risiko og sårbarheitsanalyse (**RO**).

Ein gjer merksam på at saksutgreiinga og framlegg til vedtak i hovudsak omhandlar innspela som vi har fått i høyringa, slik at vi i liten grad kommenterer det som ikkje vert endra i høve PU 01/16.

Kommunen ønskjer ikkje å ha meir enn to høyringar av arealdelen og det er viktig å vere klar på at det som vert lagt ut til 2. gongs høyring, i praksis er den arealbruken de ønskjer å vedta. Ved 2. gangs høyring av dokumenta, vil det bli presisert at det ikkje er mogleg å kome med innspel til **ny** arealbruk. Det er viktig å vere merksam på at det er eit mål at kommuneplanen sin arealdel skal rullerast jamleg framover og at det heller blir valt ut nokre tema ved kvar rullering. Det er difor ikkje slik at det er «*kroken*» på døra for alltid for innspel som ikkje blir tatt inn i denne revisjonen.

Detaljane i framlegget går fram i:

Vedlegg 1: **Samandrag** av alle innkomne innspel i planprosessen og rådmannen sin vurdering av innspela, basert på KU frå Nordplan.

Vedlegg 2: **KU – tilleggsutgreiing** inkl. ROS.

Vedlegg 3: **Justerte føresegner til arealdelen**. Føresegnene er justerte etter gjennomgang av motsegner og merknader frå offentlege etater.

Vedlegg 4: **Plankart**

## Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Plan- og bygningslova § 11-14.

## Medverknad før og etter utlegging til offentleg ettersyn:

Kommunen som forslagsstillar har eit særleg ansvar for å leggje til rette for medverknad i planprosessen, mellom anna i form av elektronisk presentasjon og dialog, jf. pbl. §§ 5-1 og 5-2. Før formelt møte i planutvalet den 22.06.16, vart det arrangert folkemøte i Grendahuset på Stadlandet, der frammøtte hadde høve til å stille spørsmål. I høyringsperioden har administrasjonen vore tilgjengeleg for spørsmål og drøftingar. Vi har hatt møter, samtaler med enkeltpersonar, lag og organisasjonar når dette har vore ynskjeleg.

Kommunen har i høyringsrunden motteke 75 skriftlege innspel. Fleire av innspela, særleg frå fylkesmannen og andre offentlege etater tek opp mange tema i sitt innspel. Alle innspela er samordna i vedlegg 1. Vedlegget gjev ei oversikt over kven som har kome med



innspel, kva innspelet gjeld, kva eigedom innspelet gjeld for og kva som er kommunen si vurdering av innspelet og om det vert gjort endringar i arealdelen i høve første gongs handsaming. Dokumentet må sjåast i samanheng med KU.

**Nordplan AS** har gjennomført KU – tilleggsutgreiing og ROS analyse på endringane og nye areal (Vedlegg 2 og 3). I tillegg er førsegnene justert i vedlegg 4.

Råd for eldre og funksjonshemma, gjorde i vedtak EF- 011/16 fylgjande vedtak:

- Rådet tilrår at Selje kommune opparbeider adkomst til friluftsområder, serviceanlegg og badeplassar for menneske med nedsatt funksjonsevne. Viser til skriv, dat. 23.06.16 frå Fylkeskommunen. Rådet oppfordrar kommunen til at desse tilrettelagde plassane vert lagt inn i fylkesatlas.
- Rådet tilrår at Selje kommune vurderar nytt areal til utvidelse av kyrkjegard tilknytta Selje kyrkje.

### **Lokal samfunnsutvikling**

Ny arealplan gjev nye moglegheiter for grunneigarane i kommunen. Ved rulleringa av ein arealplan er det ofte endringar i arealbruken som fører til anna bruk av landbruksjord og auka bruk av sjøområda. Dette får mykje merksemd både lokalt og frå overordna offentlege etater. Dette er naturleg, fordi rulleringa av ein arealplan gjev rom for å tenkje framtid som kan gje grunnlag for næringsutvikling og vekst for kommunen.

Samstundes møter ein interessekonfliktar, og det må gjerast eit val mellom ulike brukarinteresser. Rett nok handlar mange innkomne innspel om motstand mot planlagd arealbruk for eigen eigedom eller for omkringliggende eigedomar.

Men vel så viktig å merke seg er det at dei fleste innspela i planprosessen handlar om tankar og ynskjer om vidareutvikling av eigen eigedom, eller vidareutvikling av fleire eigedomar/ område i fellesskap med andre.

Rulleringa av arealdelen gjev såleis nye moglegheiter for innbyggjarane i kommunen, då kommunen gjer vurderingar heilt ned på detaljnivå for den enkelte eigedom når grunneigaren kjem med innspel om dette.

Mange av innbyggjarane i kommunen bur på gardsbruk og eig store areal som er lagt ut som landbruks-, natur- og friluftsføremål i Selje kommune.

Fleire av desse har spelt inn ynskje om å kunne dele frå bustadtomter til nær familie og andre som ynskjer å flytte til bygda. Andre ynskjer å kunne drive ulike attåttnæringar i landbruket på garden, i form av utleiehytter og entreprenørverksemd. Og andre ynskjer å skilje frå nokre hyttetomter. Vi har forsøkt å etterkomme ynskja så lang råd er, ved å leggje delar av eigedomane ut til landbruks-, natur- og friluftsføremål med høve til spreidd utbygging av bustadar, av fritidsbygg, av næringsbygg eller ein kombinasjon av desse føremåla. Slike enkeltutbyggingar kan gjerast utan utarbeiding av reguleringsplan, noko som gjer at mindre næringar kan starte opp utan tunge og dyre reguleringsprosessar i forkant. Vi ser likevel at Fylkesmannen tek atterhald om å krevje reguleringsplan ved nokre høve.

Tilsvarande har det kome inn mange ynskjer om etablering av småbåtanlegg, molo, naust eller sjøhus på eigedomar som går ned til sjø. Enkelte ynskjer å etablere næring i form av utleie av båtplassar eller sjøhus og andre ynskjer å etablere naust og molo til eige bruk. På nokre av desse sjønære eigedomane tilrår rådmannen utbygging i samsvar med innkomne innspel, og normalt vil slike tiltak kunne gjennomførast utan krav om reguleringsplan frå kommunen.

I våre vurderingar må vi leggje Plan og bygningslova og anna lovverk til grunn for å treffe rett vedtak. Vi har og klare føringar frå fylkesmannen og fylkeskommunen og andre offentlege etater som stoppar forslag dersom det ikkje ligg innafør lovlege rammer. Difor vil nok ein del oppleve at deira krav ikkje vert innfridd.

### **Vurdering:**

Uttaler /motsegner frå Fylkesmannen og andre offentlege etater er presentert i ein kortversjon i vedlegg 1 under overskrifta : «**Uttaler frå offentlege etater**» . Her står og administrasjonen sin vurdering eller det vert vist til konsekvensutgreiing (KU) /Nordplan.

På same måten er innspela frå privatpersonar/lag , organisasjonar etc lista opp i vedlegg 1 under overskrifta «**Uttaler frå private , lag og organisasjonar** »

Vedlegg 1 og nye konsekvensutgreiingar (2 og 3) er såleis dei sentrale dokumenta for dei endringane rådmannen vil føreslå etter 1. høyring.

I følgjande sakutgreiing vil innspela ikkje bli gjennomgått på nytt då ein finn innspela og rådmannen sin vurdering i nemnde vedlegg. Vi vil likevel kort liste opp dei forslaga vi har til endring i høve 1. gongs høyring. Det vil då vere lettare å finne fram til aktuelle dokument (KU), for å lese bakgrunn for endring.

Dei største endringane er knytt motsegner frå Fylkesmannen og andre offentlege etater. Innspel frå enkeltpersonar som gjeld enkelteigedomar eller mindre område har og ført til nokre endringar.

### **Masseplassering og nye næringsareal i samband med Stad skipstunnel:**

Masseplassering/næringsareal i samband med Stad skipstunnel har fått størst merksemd og har vore det mest krevjande å få inn i plankartet.

Fylkesmannen har motsegn til fleire av næringsareala, og har stilt krav om at kommunen gjer ei alternativ- og behovsvurdering som grunnlag for revidert planforslag. Det er er også vist til mangelfull vurdering av alternativ på land og eventuelt sjødeponi.

Fylkesmannen har stilt spørsmål ved det store omfanget av fyllingsareal i sjø, og vist til at fleire av områda manglar konkrete planar. Det er heller ikkje gjort nok vurderingar av forhold i sjøareal slik som grunntilhøve, straum og kor mykje masse som må til samt konsekvensar ved å ha mange fyllingsareal ståande ubygde over tid. Det er stilt rekkefølgekrav for utfyllingane.

Kommunen har hatt fleire møter med Fylkesmannen, der målet har vore å finne løysingar som Fylkesmannen kan akseptere, samtidig som kommunen får tilfredstillande resultat. Dette har for nokre områder vore ei krevjande øving. Det er viktig å vere klar over at dersom vi ikkje blir samde med Fylkesmannen, og kommunen står på sitt, er alternativet å sende saka vidare til departementet. Dette kan ta tid og vi kan bli for seine i høve uttak av tunnelmassene.

### **Kommunal prioritering av tiltak for mottak av massar**

Etter «forhandlingar» med Fylkesmannen vil rådmannen føreslå desse næringsområda som føreset masser frå Stadskipstunnel:

Kommunen vil prioritere hutigbåtkai og næringsområde i Hamreosen, fleirbrukshamn Leikanger og næringsområde Hatlenes. Kommunen vil sjølv stå for reguleringa og prosjektering areala i Hamreosen.

Fleirbrukshamna i Leikanger og næringsområdet på Haleneset vil måtte utviklast og regulerast av næringslivsinteresser i kommunen.

I Moldefjorden vil Berstad bli prioritert, då grunneigarar er i gang med planarbeid.

Kommunen vil også prioritere massar til etablerte verksemdar som har behov for utvidingsareal.

Verksemdene må sjølv regulere sine areal og prosjektere tiltaka samt etablere mottaksapparat for massane. Aktulle verksemd er Fiskevegn as på Flatraket og Pelagia Selje as i Moldefjorden.

Kommunen legg til rette for at ein kan mellombels lagre masser på Kjøde og i Gorgenesvika, dersom det viser seg at det blir masseoverskot som følgje av at prosjekt ikkje blir realisert. Som siste utveg opnar ein for djupvassfylling i Moldefjorden, dersom masseoverskotet blir så stort at det ikkje er mogleg å mellomlagre for framtidige prosjekt.

#### Oppsummering av prioriteringane:

1. Hutigbåtkai og næringsområde i Hamreosen
2. Fleirbrukshamn Leikanger
3. Næringsområde Hatlenes
4. Fiskevegn as på Flatraket og Pelagia Selje as i Moldefjorden.
5. Næringsområde og småbåtanlegg Berstad
6. Mellombels deponiområde Kjøde og Gorgenesvika
7. Djupvassdeponi Moldefjorden

#### Årsheim:

Fylkesmannen ber om at føreslått næringsareal vert teke ut av planen på grunn av av stor konflikt m.a. med natur, landskap og friluftsiresser i eit frå før urørt natur/ strand-område (jf. konsekvensut- greiinga). Kommunen ønskjer å legge til rette for mindre småbåtanlegg med naustområde og hytter på Årsheim på gbnr. 11/4. Det blir foreslått å utvide område BKB5 mot nord i sjøarealet, slik at det kan leggest til rette for småbåtanlegg.

#### **Arealendringar pga andre motsegner KU s. 22**

##### **Kloster Ersholmen KU s. 22.**

Fylkeskommunen og fylkesmannen har reist motsegn til området, og kommunen har valt å imøtekome denne ved å ta arealet ut av planen. Annan lokalisering event. på fastlandet må vurderast ved seinare revisjonar av arealplanen.

##### **Byggeområde. KU s. 22**

- Område for fritidsbustader på Otneimsneset BFR11, er endra slik at det no vert lagt ut til LNFspreidd utbygging med inntil 2 tomter og byggegrense til sjø på 30 meter.
- Området BFR4 Venøya, endra til LNF-spreidd utbygging med 5 tomter til fritidsbustader og krav om byggegrense til sjø på 30 meter.
- Årsheim BKB5 utvida og opna for småbåtanlegg, byggegrense sjø 30 meter.
- Byggeområdet på Apalset blir endra slik at det blir lagt inn 5 tomter til utleigehytter og 5 ordinære tomter til hytter, og ei bustadtomt.

##### **LNF – spreidd utbygging, KU s. 22**

For **Drage** blir området kun opna for bustadbygging, det same gjeld for **Hoddevik**. I Hoddevik er elles omfanget redusert til 5 bustadtomter, og området LS7 går ut medan LS8 er utvida til å omfatte gbnr 46/13.

#### **Massetak Sandvikeidet KU s. 22:**

Området er redusert og avgrensa i tråd med tidlegare løyve. Vilkår om uttak utanom hekketida for raudlisteart, dvs perioden 1. januar til 1. mai. Løyve til deponering av massar, utanom hekketida.

#### **Akvakultur og sjøområda KU s. 22**

Eksisterande anlegg blir lagt inn i plankartet med ei sone på 200 meter rundt anlegget som skal ivareta behovet for fortøyningar mm. Det er ikkje lagt ut nye areal.

Høvelege nye areal må vurderast i eigen kystsoneplan, event. ved neste revisjon av arealplanen.

Ålegrasenger er vist i plankartet, og fiskerihamnene ligg inne. Fiskerihamna i Ervika var utegløynd og er no tatt med.

#### **Fareområder, omsynssoner m.m, KU s. 23**

- Plankartet er endra i tråd med NVEs merknad med omsyn til aktsemdkart for snø- og

steinsprang, slik at område som ikkje er dekt av andre aktsemdkart (NGI, jord og steinskred) kan klippast vekk frå faresona.

- Skorgevatnet som er reguleringsmagasin er vist som bandlagt område etter vassdraglova.
- Omsynssone taretråling er tatt ut av plankartet pga motsegn og departements avgjerd i

liknande saker om at dette ikkje er lovleg.

- Seljeøya er lagt ut med omsynssone bevaring kulturmiljø. Alle fornminne som er lagt inn i planen er vist med 5 meter sikringssone.

#### **Endringa av føresegner, KU s. 23**

I føresegnene er det gjort endringar og presiseringar knytt til arealbruksformåla. Av nye moment som er tatt inn er det i hovudsak bestemmelser om:

- Minste uteopphaldsareal
- Byggegrense langs sjø
- Omfang av tiltak/bebyggelse og storleik på tomter
- Kulturminner

#### **Byggeareal utan KU-vurdering, KU s. 23**

Fylkesmannen har motsegn til følgjande areal som mangla KU-vurdering:

#### **Kombinertformål, Kviekaia, KU s. 23**

Kviekaia gbnr 247/166, vert vidareført som i dag til kombinert formål slik som vist i første høyringsutkast, og i gjeldane kommunedelplan for Leikanger. Det må etablerast parkeringsareal, og uteopphaldsareal innanfor eiga tomt. Det ligg til rette for å drive turisme innanfor formålet.

## **Gang- og sykkelveg, Nollen, KU s. 26**

### **Samla vurdering og konklusjon**

Det er i dag farleg å ferdest for mjuke trafikantar langs fylkesvegen rundt Nollen.

Trafikktryggingstiltak er nødvendig for å sikre trygg ferdsel til viktige friluftsområde som Sandesanden, småbåthamna, samt å etablere trygg skuleveg. Dagens gang- og sykkelveg stoppar ved det gamle skulehuset, slik at foreslåtte tiltak bidreg til å utbedre eit trafikkarleg punkt og knyte saman busetnaden lenger søraust med Leikanger sentrum.

Det er vurdert til å vere ei betre løysing å legge gang- og sykkelvegen langs stradsona, enn å skyte seg inn i Nollen sjølv om dette vil medføre noko meir utfylling enn i dag. Det er også hyggelegare opplevingsmessig å gå langs sjøen enn langs ei utsprengt fjellskjering. I tillegg unngår ein nærføringsproblem ved forsamlingshuset og får elles direkte tilgang til badestranda ved Sandesanden.

Det kan elles leggest til rette for parkering på nedsida av veggen. Der parkerar folk allereie i dag. Dette kan vurderast samstundes med detaljplanlegging av gang- og sykkelvegen.

Dersom detaljplanlegging visar at gs-vegen likevel bør ligge på oppsida av veggen, for å redusere omfang av kryssing (må uansett kryss for å nå tak i Sandesanden), kan ein evt vurdere å flytte FV ut på fyllinga og legge GS-veg innom.

## **Turistformål, Vestkapp, KU s. 28**

### **Samla vurdering og konklusjon**

Det blir foreslått å legge til rette eit mindre areal til bruk for turist/-reislivsnæring, i tilknytning til etablert parkeringsplass. Deler av etablert parkeringsareal ligg innanfor verneområde, og i forslaget legg ein opp til at dette arealet blir vidareført som parkeringsformål. I aust tangerer forslaget inn på område for kystmyr, men det er heilt i utkanten og bidreg ikkje til fragmentering eller punktering av myrarealet. Det er vidare lagt vekt på å samle inngrepa mest mogleg. Forslaget er vurdert til å gi liten til ingen negativ verknad for naturmangfaldet. Det gir positiv verknad for turisme, og for utøving av friluftsliv. Det kan også gi muligheit til auka profilering av Vestkapp-plataet som reiselivsmål.

Arealet er lagt ut til næringsformål, og justert i forhold til første gongs høyring.

### **Nye areal:**

## **Hytteområde, Hoddevikfjellet, KU s. 31**

### **Samla vurdering og konklusjon**

Heile Hoddevika og store deler av Hoddevikdalen er reistert som viktig nasjonalt kulturlandskap. Dersom ein skal tillate ei viss utvikling av turisme i bygda, må ein akseptere at deler av dette kulturlandskapet blir nedbygd. Det blir då viktig å finne område som er minst sårbare. I og med forslag til hytteområde ligg nær fylkesvegen og i den smalere og øvre delen av dalføret, blir areal som er mindre sårbare nytta og dei meir sentrale delane av det opne kulturlandskapet skjerma.

For å kunne dekke behovet for hyttetomter og ivareta dei viktigare areala nede i dalen, blir området tilrådd som byggeområde for fritidsbustader. Det blir sett krav om regulering for å avklare tilkomstveg, byggevolum og byggehøgder. God terrengtilpassing må dokumenterast i form av snitt og illustrasjonar. Vidare må det takast omsyn til dei etablerte gardfjøsane slik at avstanden mellom dei og ny bebyggelse ikkje blir for liten, og ein øydelegg opplevelsen av dei som historiefortellande element. Det bør leggest til rette for felles parkering som er open for allmen bruk m.a. turgåarar. Event. også legge til rette for stopplomme / utsiktspunkt tett ved. I reguleringsarbeidet må det vurderast om det er behov for sikringstiltak knytt til elva, og nærare

vurdere plassering av bygningar m.o.t skredfare.

#### **Barmen, LNF- spreiddbygd bustadområde, KU s. 34**

Forslaget medfører beslaglegging av eit mindre innmarksareal, men ut over dette få negative verknader for miljø og samfunn. Kan gi positiv verknad med omsyn til å oppretthalde busetnaden på øya. Skredfare må nærare vurderast, før det kan bli gitt byggeløyve.

#### **Stave - Korsen, LNF- spreiddbygd bustadområde, KU s. 36**

Arealet ligg inneklemd mellom etablert bebyggelse og gir naturleg fortetting i ein etablert struktur. Det er få negative konsekvensar utover tap av noko beiteareal og slåttemark.

Bustadområdet B6 på Stave går ut og jordbruksareala der blir i stor grad oppretthaldne. Bustadarealet blir erstatta med LNF-spreiddbygd område for inntil 5 bustadtomter langs dagens fylkesveg. Sum tilgang og avgang av landbruksareal blir då om lag som ved første gongs høyring.

Ein bør prøve å samkøyre avkøyrslar for å unngå for mange direkteavkøyrslar på fylkesvegen. høyring.

#### **Leikanger, parkeringsareal Filadelfia, KU s. 38**

Arealet ligg inntil fylkesvegen, inneklemd mellom etablert bustad og forsamlingslokalet til Filadelfia. Det er ingen konflikt med landbruks- og naturressursar. Arealet er godt eigna til parkeringsformål for forsamlingslokalet, og blir lagt ut til dette formålet. Parkeringsplassen bør nytte same avkøyrslar som Filadelfia, og sikre areal til videreføring av gs-veg langs fylkesvegen

#### **Leikanger, utleiehytte og tursti, Blikkneset, KU s. 40**

##### **Samla vurdering og konklusjon**

Området har stor verdi som mykje brukt nærfriluftsområde. Tett ved ligg skule og barnehage, i tillegg til etablerte fritidsaktivitetar som sandvolley og fritidsklubb og større naust-/ småbåtanlegg. Ei enkel tilrettelegging med ein grusa sti rundt neset, kan gjere område meir tilgjengeleg for alle. Det same gjeld for etablering av grill-/og rasteplass.

Hyttebygging vil derimot medføre markerte inngrep i terrenget som i dag har sin største kvalitet som ubygde areale i eit elles tettbygd område. Saman med etablering av bubiloppstilling vil utbygging legge beslag på ein betydeleg del av neset, og redusere kvaliteten som friluftsområde.

Utleiehytter og bubiloppstilling vil bidra til å stenge for /redusere allmen ferdsel og delvis privatisere området. Utleie/bubiltrafikk tett opp til barnehage og privat bustader kan også vere ein uheldig kombinasjon og gi kjelde til konflikt. På bakgrunn av dette blir areal for hytteutleie og bubiloppstilling/ teltplass frårådd.

Ev hytteutleie/bubiloppstilling kan ev vurderast som ei mindre utviding i den sørvestre delen

#### **Blautmyra/Leikanger LNF- spreiddbygd bustadområde. KU s. 42**

Tomtene er frådelt til bustadformål i 2011. Tomtene har tilkomst og VA-løysing, dei beslaglegg ikkje dyrka mark eller viktige naturressursar. Det ligg til rette for utbygging som omsøkt. Arealet blir lagt ut til LNF- spreiddbygd bustadformål.

## **Næringsområde, Sandviknes, KU s. 44**

### **Samla vurdering og konklusjon**

Området er godt eigna til ulike typer næringsformål. Arealet delvis er planert med etablert kai. Det kan også ligge til rette for å få til ei skjerma småbåthamn her, i ly for ver og vind bak Sandvikneset. Arealet kan vere eigna som mellombels hurtigbåtterminal for rute mellom Ålesund – Selje, før skipstunnelen blir bygd. Truleg blir dette anløpet overflødig når skipsleia vert lagt om. Dersom ein hadde fått til ei mellombels hurtigbåttilbud kan det vere aktuelt å opprette bussrute frå Leikanger og Selje sentrum, i tillegg til pendlerparkering knytt til haman. Det er slik det fungerer for båten i Selje i dag, der går buss som ein kan ta frå Leikong som korresponderar med båten og som då kunne bli ein del av eit samband Ålesund - Bergen. Arealet blir lagt ut til næringsformål, med krav om regulering.

## **Massetak, Bogeskaret, KU s.47**

### **Samla vurdering og konklusjon**

Arealet ligg med god avstand til etablert bebyggelse og nær fylkesveg. Det er behov for massetak inntil massar frå skipstunnelen blir tilgjengelege. Her er ingen natur-, kultur eller skog/ jordbruksareale eller naturmangfald som blir råka. Før arealet kan nyttats må det gjerast nærare vurdering av skredfaren.

Det må utarbeidast regulerings- og driftsplanar slik at det blir tatt omsyn til landskapsutforming og konskvensar av inngrep blir vurdert. Vidare må det synleggjerast korleis avkøyrsløse frå fylkesvegen skal etablerast. Massuttaket blir tilrådd avgrensa til uttak i hovudsak langs fylkesvegen, og å nyttast i ei kort periode fram til skipstunnelen blir påbegynt. Det må settast krav om istandsetting/avslutning og etterbruk av arealet. Til dømes tilbakefylling av jordmasser, etablering av utsiktspunkt/raste plass eller liknande.



# Selje kommune

**Arkiv:** FA - L12  
**JournalpostID:** 17/259  
**Saksbehandlar:** Gry Otneim  
Leikanger

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
007/17	Planutvalet	25.01.2017

## Reguleringsplan - Stad skipstunnel - Vedtak

### Bakgrunn for saka:

Reguleringsplan for Stad skipstunnel skal leggest ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Saksutgreiing vert ferdigstilt på fredag 20.01.2017 og ferdig saksutgreiing vert tilgjengeleg i politikarportal måndag 23.01.2017.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Skriv her»

### Saksopplysningar:

«Skriv her»





# Selje kommune

Arkiv: FA - L12  
JournalpostID: 17/109  
Saksbehandlar: Gry Otneim  
Leikanger

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/17	Planutvalet	25.01.2017
	Kommunestyret	

## Reguleringsplan - Tunnel Kleiva - Vedtak

### Bakgrunn for saka:

Reguleringsplanen for fv. 633 tunnel forbi Kleiva i Selje kommune, inkludert deponi ved Teigane, har lege ute til offentlig ettersyn jf. Pbl. § 12-10. Statens vegvesen la ut reguleringsplanen, etter avtale med Selje kommune i perioden 22. november 2016 til 3.januar 2017. Det kom inn seks merknadar til planforslaget i høyringsperioden.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for Fv. 633 rassikring forbi Kleiva vert godkjend slik den ligg føre, jf. Pbl. § 12-12.

Vedtaket kan påklagast i medhald av Pbl. § 1-9.

### Vedlegg i saka:

17.01.2017	Plandokument Kleiva	1329176
17.01.2017	Planskildring reguleringsplan tunnel Kleiva	1329177
17.01.2017	Føresegner alt 1 reguleringsplan tunnel Kleiva	1329178
17.01.2017	Føresegner alt 2 reguleringsplan tunnel Kleiva	1329179
17.01.2017	LAY_R_KLEIVA_Alt-2	1329180
17.01.2017	LAY_R_KLEIVA_Alt-1	1329181

### Saksopplysningar:

I Statens vegvesen sitt arkivsystem MIME har denne saka saknr.16/35031.

Ved varsla planoppstart og høyring av planprogram kom det inn 5 innspel. Desse er oppsummerte og kommenterte i planomtalen.

Statens vegvesen la planen ut til offentlig ettersyn etter avtale med Selje kommune, frå 22.november 2016 til 3.januar 2017.

Reguleringsplanen inneheld eit planområde for deponi ved Teigane, eit alternativ vest for tunnel og to alternativ for tunnel og løysingar aust for tunnelen. Dette vart varsla med annonse i Fjordenes Tidende. Alle kjende direkte råka grunneigarar og aktuelle offentlege etatar fekk brev med varsel om offentlig ettersyn. Ved offentlig ettersyn av planen kom det inn 6 innspel. Statens vegvesen har oppsummert og vurdert merknadane. I tillegg har Selje kommune vurdert dei innkomne merknadane

og kome med ein samla merknad. Oppsummering og vurdering av merknadane fylgjer i saksutgreiinga under.

Innspel til offentleg ettersyn av planen:

#### Frå Yrkestrafikkforbundet

Yrkestrafikkforbundet sine buss-sjåførar meiner tunnelen burde gå inn lenger nede på Årvik-sida for å sleppe svingen rundt Halsen. Dei meiner svingen er bratt og veldig utsatt for vind. Dei finn at dette er den verste staden å trafikkere på Stadlandet. Buss-sjåførar har mange gonger søkt ly bak vindskjermen når det bles som verst. Dei viser til at dersom køyretøy bles av vegen her havnar køyretøyet i havet, med små sjansar for å overleve.

Dei finn at det er meningslaust å ikkje bygge tunnelen slik at denne svingen vert fjerna. Dei meiner også at det ikkje treng verte særleg lenger tunnel dersom ein legg innslaget lenger nede i begge endar av tunnelen.

Dersom det ikkje er mogeleg å flytte tunnelinnslaget lenger ned, ynskjer dei innslaget nærast Honningsvågen.

#### Statens vegvesen sine vurderingar

*Det vart gjort ei vurdering av andre mulige tunnel-trasear i perioden 2012-2015. Dette går fram av planomtalen, kapittel 12.*

*Det vart vurdert alternativ som tilsvarende løysingane Yrkestrafikkforbundet sine buss-sjåførar ynskjer. Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt desse vekk til fordel for kortare tunnel, på grunn av kostnader.*

*Statens vegvesen held fast på å tilrå alternativ 1 fordi alternativ 2 er funne å ha for store konflikter med naturmiljøet i området. Det skal lagast vindskjerming som sikrar at sjølv høge bilar finn vern mot vinden, bak skjermen. Det vert satt opp høgare rekkverk mot sjøen for å hindre køyretøy å blåse av vegen.*

#### Frå NVE

NVE har ingen merknader til planen

#### Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

##### **Natur og miljø**

Fylkesmannen finn at alternativ 1 er det beste alternativet fordi dette gir mindre inngrep i den mest verdifulle delen av naturbeitemarkene, som ligg på nedsida av vegen.

Fylkesmannen ber om at det vert vurdert å gjere tiltak som kan avgrense inngrepa i naturbeitemarka. Dei foreslår tørrmur og tiltak som hindrar at det rullar stein utanfor område det ikkje vert inngrep i.

Ei vesentleg ulempe ved alternativ 1 er ikkje berre tunnelinnslaget, men det skisserte området med fjellreinsk. I dette området er det påvist fossegrimemose, som er raudlistearta og den nordlegaste kjende lokaliteten i Norge. Fylkesmannen finn at verknadane av fjellreinsk kan bli små, men usikre. Dei kan difor akseptere alternativ 2, som gir mindre inngrep i naturtypelokaliteten Nipa (over vegen), mindre behov for fylling i nedkant av vegen og ei kortare strekning med rasutsett vegbane.

Fylkesmannen ser at alternativ 2 gir større inngrep i den verdifulle naturbeitemarka nedanfor vegen. Sjølv om det raudlista artane som førekjem der har store areal med potensielt eigna levestader, held Fylkesmannen ein knapp på alternativ 1 som det minst konfliktfylte alternativet. Fylkesmannen er såleis samde i tilrådinga til Statens vegvesen.

Fylkesmannen peikar på at utbygginga føreset sterk fokus på miljøverdiane i anleggsperioden. Dei ser det som viktig at det vert gjennomført tiltak som hindrar at det kjem steinmassar ned på naturbeitemarka, nedanfor det arealet som er regulert til «Annan veggrunn – grøntareal». Dei tilrår at dette vert klarare presisert i føringane for YM-planen. Dei viser også til at det er omsynssone for bevaring av naturmiljøet med føringar for å ivareta naturverdiane.

### **Landbruk**

Fylkesmannen finn at tiltaket ikkje vil råke dyrka mark eller produktiv jord, men deler av planområdet er gammal beitemark. Dei merkar seg at det i planføresegnene er stilt krav om at matjord skal leggest til side før deponiet vert teke i bruk, og at jordmassane skal førast tilbake når deponiet er fylt opp.

Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til planframlegget.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Fylkesmannen ser at det er utarbeidd ein analyse av risiko og sårbarhet (ROS-analyse) i samband med planframlegget.

#### Statens vegvesen sine vurderingar

For å hindre at det kjem stein ned på naturbeitemarka vert det stort fokus på korleis fyllinga vert gjennomført, ved å etablere god tipp-plass og å legge ut massane med maskin. Vidare at revegeterings-massane vert lagt ut på fyllinga fortløpande medan ein arbeider seg oppover med fyllinga.

Fanggjerd vil gje liten gevinst da det krev at maskiner kjem til etter at vegfyllinga er lagt ut for å fjerne gjerdet og eventuelle massar gjerdet har fanga opp. Dette vil skade ferdig utlagt fylling, med revegetering.

Statens vegvesen tilrår difor at tiltak vert å ha stort fokus på korleis fyllinga vert lagt ut. YM-planen som vert utarbeidd som grunnlag for vegbygginga vil ha fokus på dette.

Utanfor areal regulert til «Annan veggrunn-grøntareal» er det regulert eit areal som kan nyttast til midlertidig anleggsområde, ned på naturbeitemarka. I dette sidebratte terrenget kan digitale koter vere feil, slik at faktisk skråningsutslag vert større enn teoretisk. Det er også naudsynt med areal for å sikre god tipp-plass før tipping av fyllingsfoten. Det må difor påreknast inngrep utanfor «Annan veggrunn-grøntareal» ned på areal regulert til «LNF-område/Midlertidig anleggsområde».

#### Frå Margrethe Honningsvåg, gbnr. 32/7

Eigedomen hennar ligg i Ytre Honningsvåg.

Honningsvåg finn at alternativ 1 er minst negativ for landskapsbiletet og naturmangfaldet og er minst synleg frå Honningsvågen.

Honningsvåg finn at det er bra at alternativet har med plass til å stoppe ved utsiktspunktet aust for tunnelen, kalla Storehaugen. Ho meiner det vil vere eit stort tap for både bygdefolk og turistar om

det ikkje er råd å stoppe her for å sjå på havet og solnedgangen.

Margrethe Honningsvåg støttar difor at alternativ 1 vert bygt.

#### Annbjørg Kvernevik, gbnr. 34/1

Eigedomen hennar ligg i Ytre Stranda, på austsida av tunnelen.

Kvernevik har innspel til alternativ 1, aust for tunnelen. Ho peikar på at Storehaugen (der parkeringsplassen er planlagt) er eit særst flott naturområde som dei helst ikkje vil ha inngrep i. Dei har likevel forståing for at det samstundes ikkje er mogeleg på grunn av plassbehov ved anleggsarbeidet.

Kvernevik finn at den planlagde parkeringsplassen med tilhøyrande anlegg vert ein flott plass. Dei peikar på at villparkering er eit tiltakande og stort problem og at dei har registrert dette gjennom si drift av Vestkapphuste på Vestkapp-plataet. Dei peikar også på at det er lagt til rette for bubilar på Vestcapp Camping, men at dette er lite brukt.

Dei ber om difor om at parkeringsplassen vert lagt til rette og skilta på ein slik måte at her ikkje vert villparkering for bubilar.

#### Statens vegvesen sine vurderingar

Statens vegvesen treng å nytte området for parkeringsplass/utsiktspunktet til riggområde når veganlegget skal byggast. Parkeringsplassen er såleis eit tiltak i eit areal som likevel får inngrep.

Parkeringsplassen kan gi ein positiv effekt ved at ein unngå at bilar parkerer langs vegen når dei vil sjå på utsikten, og såleis hindrar framkomst på vegen.

Statens vegvesen vil vurdere å sette opp skilt som hindrar bubilar å stoppe lenge/ campe på parkeringsplassen.

#### Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen merknader til planen

#### Selje kommune si samla vurdering av reguleringsplanforslaget og innkomne merknadar:

Det er svært positivt og gledeleg at dei gamle rasoverbygga i Kleiva endeleg vert erstatta med tunnel. Innbyggjarane i Honningsvåg har i ei årrekke uora seg for vegstrekninga som stadig har vore utsett for steinsprang og ras. Bygda er i tillegg vitja av mange turistar gjennom heile året.

Selje kommune har gått gjennom planforslaget for detaljreguleringsplan for fv.633, forbi Kleiva. Planforslaget er utarbeidd i medhald av Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrifter og Selje kommune har ikkje merknadar knytt til plandokumenta, men vel å kommentere nokre moment;

Massedeponi ved Teigane:

Selje kommune ynskjer at massene vert deponerte slik at det er mest mogeleg nytte i å ta dei ut igjen. Del av gbnr. 36/1, nedanfor fylkesveg 633 vert difor regulert til mellombels massedeponi. Bakgrunnen for dette er at det er svært vanskeleg å

finne masseuttak i dette området, av omsyn til landskapet og andre verdiar på ytre Stadlandet.

Deponiet på Teigane gir minst ulemper i høve til andre masseuttak, sjølv

om det vert brukt som masseuttak over fleire år. Deponiet vert privat og det er heimelshavar av

gbnr. 36/1 som er ansvarleg for uttak og drift av massedeponiet, jf. planføresegner § 4. Bebyggelse og anlegg, pkt. 4.1 Deponi.

Vurdering av alternativ 1 og 2:

Det ligg føre to tunnelalternativ;

*Tunnel for alternativ 1 er ca. 600 meter lang. Aust for tunnelen skal vegen leggst på fylling. Fyllinga skal leggst på eit delvis bratt område med steile klipper med vindavsetningar mellom og delvis på ei naturleg flate langs eksisterande veg.*

*Tunnelen er ca. 700 meter lang for alternativ 2. Vegen er lagt ut på fylling før den går inn mot tunnel. Fyllinga ligg på ei naturbeitemark (Risiko- og sårbarhetsanalyse s.5).*

Selje kommune meiner at ein burde i større grad lytta til Yrkestrafikkforbundet sine merknadar om val av alternativ 2 som erstatning for dei gamle rasoverbygga. Som yrkessjåførar kjenner dei til utfordringane ved denne vegstrekninga betre enn dei fleste. Kleiva er ei av dei mest verutsette vegstrekningane vi har i Noreg og i tillegg er den svært skredutsett. Å få lagt mest mogleg av denne vegstrekninga i tunnel, hadde gjeve ei tryggare vegstrekning i framtida. Det vil vere uheldig at meirkostnaden ved alternativ 2 og omsynet til naturmiljøet vert meir vektlagt enn tryggleiken. Samstundes må ein stole på at Statens vegvesen ikkje hadde tilrådd alternativ 1, dersom vegstrekninga ikkje vart vurdert som tilstrekkeleg trygg.

Camping:

Selje kommune er samd med grunneigar i at det er uheldig med camping på utkikspunktet ved Storehaugen og rår til at det vert sett opp skilt som forbyr camping.

Utover skilting er det lite kommunen kan gjere for å hindre slik aktivitet.

### **Vurdering og konklusjon**

Reguleringsplan for Fv. 633 Tunnel forbi Kleiva med massedeponi ved Teigane vert godkjend jf. Pbl. § 12-12.



## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
009/17	Planutvalet	25.01.2017
	Kommunestyret	

### SMIL - Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2017 - 2020. Framlegg til offentlig ettersyn.

#### Bakgrunn for saka:

Strategiplan for SMIL var gjeldande for åra 2013 – 2016. Det må no vedtakast ny plan for åra 2017 – 2020. Dette er ein føresetnad for tildeling av rammeløyving frå Fylkesmannen.

Kulturlandskapsgruppa i Selje kommune har sommaren 2016 gjennomført 3.gangs revidering av Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket. Planframlegget skal no leggest ut til offentlig ettersyn før vedtak av planen i kommunestyret.

Vedteken strategi skal sendast til Fylkesmannen straks etter kommunestyrevedtak.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planutvalet handsamar planframlegget og legg det ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

#### Vedlegg i saka:

17.01.2017 SMIL - Strategiplan 2017 - 2020 1329146

#### Saksopplysningar:

Arbeidet med revidering av planen er gjennomført av kulturlandskapsgruppa som no er samansett av representantar for tre landbruksorganisasjonar og ein frå Plan- og Utviklingsavdelinga. Det er gjort ein del endringar m.a. oppdateringar til dagens tilhøve i landbruket i Selje, fleire nye eller endra forskrifter og lover som påverkar korleis SMIL-ordninga fungerer. Her kan nemnast stor endring i SMIL-forskrifta (kven som kan søkje, krav til miljøplan), nye reglar for grøftetilskot og tilskot til organisert beitebruk. Naturmangfaldlova og EU sitt vassdirektiv spelar ei større rolle i forvaltninga enn før.

Framdriftsplanen er handsaming i planutvalet 25.01.2017 før utlegging til høyring i 6 veker. Vedtak i kommunestyret seinast 04.05.2017.

#### Lover/regelverk

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.  
Rundskriv 2015/17  
Naturmangfaldlova  
EU sitt vassdirektiv